Helga Sognli 15. Karen Svorkmo 15. Anders Reitan 20. Arnfin Dørdal 20. Martin Bjørndal 10. Per Landrø 20. Ingeborg & Einar Ustad 20. Borghild Larsen 20. Anna Skjenald 10. Kari Reitan 20. Hanna Volden 20. Andreas Rian 30. Johs. Skjenald 50. Olaug & Anders Sletvold 20. Signe & Odd Leif Bjørnbeth 30. Ole Bjørnbeth 20. Ingeborg S. Kvernmo 25. Andreas Magnussen 10. Anna & Jens Kjøren 20. Dorthea & John Almli 15. Ellen Kvernmo 20. B. Sletvold 30. Enok Husdal 25. Alfhild & Sivert Ofstad 20. Paul Aasen 25. Birger Berntsen 15. Arnt Kjøren 20. Edv. Aursø 10. Laurits Aasen 20. Dørdal 20. Annar Meland 20. Kristen Hukkelås 15. Einar Kjøren 10. Serine & Erling Svee 20. John Sletvold 20. L. & J. Hammerfjeld 20. Ingeborg Bakk 20. Gudm. Bjørnbet 20. John Aasen 20.

*Utanbygds (medio nov. -77)*

Ing. Rognum, Blommenholm 15. D. Kongsgaard ,Gjettum 25. Bjørg Kristiansen, Langhus 20. Marit Torneby, Kløfta 20. Johanne Nyhus, Dalholen 10. B. & G. Ofstad, Fåvang 50. Marta Melby, Skjåk 50. Valborg Holsvik, Syvde 15. Aud Løvold, Sykkylven 30. Jenny & Knut Bjørndal, Isfjorden 20. Solveig Aune Bjerkeset 20. Gyda & Olav Sylte, Surnadal 40. Margrete Kanestrøm, Molde 20. Olaf Havdal, Trondheim 20. Evelyn Kvam, Trondheim 20. Marie Bach, Trondheim 20.



*NO GÅR DET RASKT!*


Orkel — et kvalitetsprodukt

Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES

MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI

7320 Fannrem - Tlf. 82 375

**Orkdal Sparebank**

**Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00**
**Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00**
(Tlf. 80 450)
**Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30**
(Tlf. 82 191)
**Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30**
(Tlf. 115)

**Lørdager er alle kontorer stengt.**

Konstads Bokhandel

Orkanger.

**Bøker - Papir**

**Skolemateriell**

*80 år i bygdas tjeneste*

**Moderne butikk - Godt vareutvalg.**

**Bensin- og servicestasjon.**

Velkommen inn.

*Svorkmo Handelssamlag*

I. & K. Øyasæter, Trondheim 50. Serine Lium, Trondheim 20. Jorun Almli, Tr.heim 40. Berit Langvik, Tr.heim 30. Gunhild Kvikne, Tr.heim 25. Edv. Tronvold, Tr.heim 20. Anna Nilsen, Tr.heim 15. Anders Fossbakk, Tr.h. 20. K. Wormdal, Tr.heim 20. Hans A. Kringstad, Tr.heim 20. Ellen Richter, Charlottenlund 20. Bjørg Eggen, Spongdal 20. Ola Grendal, Saupstad 20. Odd Sølberg, Heimdal 10. Anngrim Asphjell, Sjetnhaugan 30. Karen Frøsethaune, Støren 20. Anne Mette Høiseth, Ler 20. Marta Husby, Stadsbygd 20. Sigrun Ugedal, Roan 25. A. Spjøtvoll, Løkken 15. Aashild & M. Singsdal, Eggkleiva 20. Astrid & Knut Sellie, Børsa 10. Sigrid Reitan, Børsa 20. John J. Opøien, Løkken 10. Ingar Lund, Viggja 20. Hanna Meland, Selbekken 20. Marie Ingdal, Selbekken 10. Ragna Ingdal, Selbekken 20. Ingeborg Sundli, Meldal 20. Anders Lomundal, Rindalsskogen 30. Gunnar Almli, Rindalsskogen 25. Oline Mjøen, Storås 25. Ottar Hyldmo, Storås 20. Oddveig Halsetbakk, Storås 20. Marit Druglimo, Dr.moen 20. Fredrikke Togstad, Meldal 20. Anne Boksbu Ofstad, Meldal 20. Anne Gruthaug, Meldal 15. Henry Strømmevold, Røros 25. Erling Gjelsvik, Røros 25. Lars Harsjøen, Røros 30. Peggy Nytrø, Selbu 20. J. Solligård, H.vik. 20. Guri Eggan, Vikhamar 15. Gudrun Gåre, Bodø 30. Gyda & Norolf Hestnes, Vikhamar 20. Erling Johansen, Sakshaug 20. G. Melås, Skogn 30. Aase & S. Solbu, Namsos 15. Anne Larssen, Bodø 20. Ingrid Husby Todal, Narvik 20. Inger Iversen, Halden 20. Turid Woldheim, Halden 20.

**ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik. Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.

**ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

**ORKANGER MINNEFOND**

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

**GEITASTRAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren



*VI HAR HODET SÅ VIDT OVER VATNET!*

Hønnåshagen, Løvenstad 20. Magnar Grø, Skien 20. G. Gulbransen, Tr.h. 20. Gunnveig Lund, Tr.heim 20. J. Kjøren, Tr.heim 20. Gerd Landrø, Selbekken 20. Karen A. Kvernmo, Buvika 20. Karen Gjønnes, Jerpstad 10. Gudrun og Leif Sommervold, H.vik 20. Borgny Selboe, Selbu 20. Mari og Øystein Fagerli, Alta 25. J. Asphjell, Rustefjelbma 20. Anna M. Aas, Skjervøy 25. Wilhelm Thams, Tr.heim 25. A. Moa, Overhalla 10. Ingebrigt Morken, Svorkland 20.

Hjarteleg takk!



*TAKKEKORET!*

**ELDRETREFF**

Svorkmo misjonshus — tirsdag 24.1. kl. 11.

*Bibeltimene i Orkanger bedehus:*
18.1. Audun Slettahjell: Kristen glede.
1.2: Kåre Rogstad: Kristent offer.

## TELEFONKONTAKT

Orkdal Bondekvinnelag, Orkdal Husmorlag og Orkdal Sanitetsforening har sett igang ein del aktivitetar i eldreomsorga ilag. Ein gong for veka har dei varetralle på sjukeheimen/aldersheimen på Fannrem. Her får ein da kjøpe eindel varer som det er interesse og behov for. Ein har også ulike tilstellingar her.

Men desse tre laga tilbyr også telefonvaktordning for eldre og sjuke som ønskjer det, slike som bur aleine rundt omkring. Ein har da noen som ringjer opp kvar dag for å høyre korleis det er og slå av ein prat. Om vedkomande då ikkje svarar, vil det bli undersøkt. Dei eldre kan sjølsagt også ringe til kontaktpersonen om det er noe som skal meldast.

Dette er eit svært nyttig tiltak.. Dei som er interessert i telefonkontakt kan vende seg til Inger Garberg tlf. 82571. Adr. 7320 Fannrem.

Både Orkanger og Orkland menigheter har fast organisert givarteneste til menigheten. Konvoluttar til dette og orientering får ein hos

*Harald Hukkelås*
og
*Jostein Dalen.*

Fleire må bli med på dette.

### Kirkekor

Dersom det melder seg nok (minst 10 stk. kvinnelige og mannlige sangere blir det starta et kirkekor (menighetskor) v. Orkdal kirke. Interesserte kan kontakte organist Jakobsen for nærmere opplysninger.

**Telefonar**

| | |
|---|---|
| Prost Kaare Rogstad | 82142 |
| Res.kap. Inge Eidhamar | 84188 |
| Kalls.kap. Audun B. Slettahjell | 80589 |
| Prestekontoret i Den Gode Hyrdes kapell | 80671 |
| Organist Erling Hoff | 80472 |
| » Magnhild Hoff | 80472 |
| » Steinar Jakobsen | 84267 |
| » Olav Sjømæling | 82190 |
| Kyrkjeverge John Almli | 82322 |
| Kyrkjeverge Ingvar Grytdal | 84121 |
| Kyrkjeverge -kyrkjetenar og klokkar Gunnerius Kjøren | 83453 |
| Kyrkjeverge Egil Singstad | 80517 |
| Kyrkjetenar Lars Fandrem | 82476 |
| Kyrkjetenar Helge Sandstad | 84158 |
| Kyrkjetenar Jon Stokke | 80564 |
| Klokkar Alvhild Engen | 82435 |
| Klokkar Jens Indergård | 84533 |

Trykksaker

Svorkmo Prenteverk A/S

7330 Svorkmo



**Sokneprestar i Orkdal**

# 14 Andreas Lee Bull 1846—1879

Bull var son av prost Wincent Stoltenberg Bull til Vang og var fødd 27.12 1801. Mora heitte Sussanna f. Dalas. Han vart Cand.teol. 22 år gammel og fekk laud. både til embetseksamen og praktiskteologisk eksamen. I 1824 vart han ordinert til pers. kapellan hjå far sin, men allereide i 1827 finn vi han som sokneprest til Rendalen. I 1837 vart han sokneprest i Tynset og året etter også som prost i Østerdalen prosti. Jakob B. Bull skriv om han i Rendalsboka:

Andreas Bull var en dyktig præst, en fremragende jordbruker og en meget omgjengelig mann, som stod almuen bi med praktiske råd og dåd. Han aksla (dyrket opp) med egen hånd engstykket «Bortengen» på Rendalen præstegård. Likeså brøt han opp «Skræddertrøen». Under en brand på Haukset reddet han flere hus fra ødeleggelse og hjelp siden manden på «UTSTU HAUKSET» med å flytte ned under bakken. Sammen med bøndene Erik Jacobsen Haarset og Ole Halvorsen Barstad stiftet han i 1830 den første Sundhedskommisjon i Rendalen. Han var en ivrig frihetsvenn og var den første som helligholdt 17de mai i Rendalen. Festtalen holdt han på den av ham selv oppdyrkede Skræddertrøen — — — — —.

**Støtt reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje.**

**Hugs postgiro 3 67 54 36 — 7310 Gjølme. Vi har også konti i bankane i Orkdal. Kvart innsendt bidrag er til hjelp for oss både økonomisk og moralsk i arbeidet for å få reist dette viktige kyrkjesentret.**

Hit til Orkdal kom Bull som «DEN NAMNGJETNE TYNSETPRÆSTEN». Ordet gjekk framom mannen og ein visste å fortelje at nypresten var ein stor idrettsmann. Både tok han ryggtak med bøndene, gjekk på stylter over Rena og sto på hendene rakt som eit kyrkjelys i staken. Men snart fekk dei syn for sagn i Orkdalen. I tillegg til alt dei hadde høyrd om han føreåt fekk dei sjå at han var sterk som ein bjønn. I 1852 lafta dei opp nytt prestegardslån (den som no står) og presten var med i arbeidet. Han sjølv bar opp rotendane medan to tømrarar i fellesskap tok toppenden. Under trøskinga tok han konnsekkene i mulen og løfta dei inn i burs-svala. Men det var også andre sider ved presten som meire vart lagt merke til utetter åra. Han var så ljos og mild i si forkynning og hadde så sterk ein stemme som ingen hadde høyrd makan til før. Lett hadde han også for å tale og hans ord var til overbevisning og overtyding. Ein stor sak fekk han å handskas med her i prestegjeldet. I 1860 kom den nye skoleloven som sa at det skulle vera fastskolar i alle krinsar. Omgangsskole skulle det verta slutt på og alle barn var skolepliktige frå sitt sjuande år. Denne loven først til stor strid i mange bygder. Her gjekk det tolleg godt med sjølve skoleordninga — det å få bygd skolehus og å få fram ungane, alt takk vera sokneprest Bulls forsonande vesen og overtalande evne. Han hadde dessutan god hjelp av sonen sin, Julius — som var personellkappellan hjå faren. Julius reiste utretteleg rundt og hjalp lærarane og overtalte bøndene om dei var uvillige. Verre gjekk det å få innført den nye «forordnete» leseboka. I den sto det ukristelege ting som kjempviser, eventyr, forteljingar om Tor og Loke — alt det kristne barn ikkje hadde godt av å lære. Hausten 1864 forlangte foreldra frå Gjønnes, Kjønli, Sølberg, Haugen, Kirkaune og Tverdal å få kjøpa den gamle boka til ungane sine. Slik vart det også i ei overgangstid med skoletilsynsmannens stilltigande godkjenning. Og skoletilsynsmannen var alle stader soknepresten.

I dei åra Bull var prest her gjekk den første store etterhaugske vekkinga over bygda. Fleire lekpreikarar reiste regelmessig i prestegjeldet. Nemnast kan: Eiel Eielsen, Sølfest Lund, Erik Holden og Peder Skamfor. Mange stader var dei langt frå velsett av prestane, men Bull tok vel imot dei og hjalp dei helst tilrettes. Dette gjorde at også fleire av lærarane i bygda slutta seg til vekkinga, TD. Martinus Sivertsen og Paul Qvikne. Så vart dette opptakta til ei vekkingstid bygda aldri tidlegare har hatt. Kyrkjene var fullsett ved gudstenestene og oppbyggingsmøtene samla så mykje folk at husa ikkje var store nok — så møtene som tid laut haldast ute når været var lagleg. Interessant er det å sjå i 5årsmeldinga (1850-1855) frå Fogden Berg at det i Orkdal har gått føre seg ein sterk snunad i folkelivet. Fogden gjev presten æra for det. Han ordlegg seg slik: «bygden har fått en sterk prest der med iver og nidkjærhed har arbeidet for moralitetens og oplysningens fremme. Samtidig har de kondisjonerte fått smak for ædlere nydelser. Større interesse er vakt for jordbruket og de egentlige drukkenbolte i bygden ere faa og almindelig ringeaktede.»

Vekkinga førte også til andre frukter. Den tredje juli 1847 samla sokneprest Bull nokre interesserte i prestegarden for å starta opp med ei misjonsforening. I første omgang lyktes det vel ikkje heilt. Det vart berre som ei støtteforening som tinga opp norsk misjonstidende i 6 ekspl. og sytte for å få dei spreidt utover prestegjeldet. I denne støtteforeninga teikna det seg 14 medlemmer. Seinare, i 1856 etablerte Orkdal misjonsforening seg som fullverdig forening. Eit resultat av vekkinga var det nok også at eit bedehus vart bygd på Øra i 1861.

Ettertida må gje Andreas Lee Bull den attest at han var ein god prest for Orkdal, — mild, finsleg og klok i all si ferd.

Han var gift med Ane Kristine Juell, dotter åt kaptein Juell. Dei hadde borna:

1. Hans — f. 1835, distriktslege i Tynset. Skal ha hatt dei same kjempekrefter som faren.
2. Julius — f. 1837. Personellkapellan i Orkdal i 10 år, var utnemnd til res.kap. i Støren men vann ikkje å overta embetet, da han døydde på preikestolen i Orkdal kyrkje av slag. Han vann såvidt å be kyrkjelyden syngja: «Når Liv og Ande vil forgå», før han somna inn.
3. Susanna ( ? ) f. ?. Ho vart gift med ein skipskaptein Grøndahl. Han forliste og døydde straks etter brudlaupet.

Sokneprest Andreas Lee Bull døydde 14.3. 1880 i Trondheim men vart gravlagt i Orkdal ved sida av kona si.

**Kaare Rogstad**

Gåve til nyorglet i Orkdal Kyrkje er motteke frå Fannrem arbeidslag av N.K.S. eldre

*Kr. 1.000,—*

Hjarteleg takk.

For Orkdal Sokneråd
*Arnt Gangås*

## Det kjendest underleg!

Han sit framfor meg, ein mann på 40 år omlag. Skjelvinga omkring munnen og dei djupe draga i panna syner at han har vore borte i mangt.

«Jeg har vært uteligger i 18 år jeg», seier han. Forteljinga kjem så truverdig og så lang inne frå at tårane har vanskeleg for å løyna seg hos meg. Det dryp litt or augnekrokane hans og. «Det var mye vondt på den tiden. Jeg kom fra landet som 16-åring, det var ikke noe å ta seg fore heime. Det viste seg at det ikke var det grann bedre her i byen heller. Jeg gikk fra sted til sted, men det var samme avvisningen over alt. Ingen hadde bruk for meg. Så ble jeg gående ute da, — år på år. Mine eneste omgangsvenner var de andre uteliggerne, dem jeg tagg mat hos og politiet. Politiet sa forresten senere at jeg var snill tross alt. Jeg var innom hos dem noen ganger ja.»

Han stoggar av og til i forteljinga. Det er så mange såre hendingar som knyter seg til dette at det tek tid å få det fram. Så velkledd han er no verkar han rak og spenstig. Berre hovudet som liksom ikkje vil fylgja med resten av kroppen her. Det har tydeleg merke av slit og synd. — Men augo lyser.

«Så var det en gang borte i Vaterland. Pastor Hammerstrøm sa til meg: Nå må du snart komme til Gud. Jo, sa jeg. Det har jeg lyst til. Så gikk vi inn i kirken og bøyde kne begge to. Det føltest underlig kan du tro. Det var godt å møte Gud. Jeg hadde mye å løses fra. Anna Jensen ga meg 10 kroner. Nå skal du reise heim til mor med en gang, sa hun. Men det ble ikke. Jeg var så fillete at jeg ikke vågde å dra. Jeg gikk og tagg mat etter dette også. Men 10-kroningen gjemte jeg på helt til jeg sendte et brev hjem til mor». Ordet mor seier han på ein slik måte at det vermer i meg. Det vitnar om kjærleik. Ikkje noko anna ord har han så vanskeleg for å få fram.

«Jeg lå ute i tre år etter at jeg ble omvendt. Men det var underlig. Jeg kunne ligge opp i Maridalsskogen i 20 graders kulde uten å fryse det minste grann eller ta skade av det. Da følte jeg at det var en høyere hånd bak. Jeg hadde småjobber på brygga og litt ellers. Men det var vanskelig for meg å arbeide, jeg som ikke hadde tatt i noe slags gjørmål på mange mange år. — Endelig kom jeg da i hus».

Han nemner første plassen han låg på, og korleis det kjendest. Det var uvant for ein mann som hadde ligge i trappeoppgangar og i skogholt i 18 år.

«Kristenlivet mitt var kanskje ikke i beste orden alltid. Det har det ikke vært siden jeg kom i normale forhold heller. Ugudelige mennesker er det ikke så lett å vandre mellom alltid for en som har vært uteligger og har hatt flaska til bestevenn i årevis. — Det var for en tid siden jeg var kommet bort i et selskap. Jeg tok fire drammer. Jeg tålte det ikke og det var vondt at det skjedde. Da jeg kom for meg selv slo jeg opp i nytestamentet mitt. Og dette var underlig. «Kom til meg den som er trett og har tungt å bære, hos meg skal dere få hvile, sto det. Dette var et ord til meg. Siden har jeg hatt det godt. Det er så mange hyggelige kristne mennesker som har hjulpet meg også. Jeg er meget takknemlig for dem, men mest skal Gud ha takken. Det er godt å være løst fra syndebyrden».

Mannen går. Andletsdraga hans ber merke av slit og vondskap. Men bak merka er det fine mjuke drag. Det er ein mild og audmjuk mann som går.

*(Minner frå studieåra i Oslo —ige).*

---

**SØNDAG ER KYRKJEDAG — I GUDS HUS SKJER DET UNDER!**




Sagt om de gamle

## Et ganske uunnværlig folkeferd

Tenk om du visste hvor gjerne jeg i da gvil brenne det inn i ditt sinn at Gud har bruk for deg, ja, at de gamle er et ganske uunnværlig folkeferd. Det kan være noe så fint og rent over en gammel kone, liksom et godt gjemt vintereple er dyrere og har finere smak enn sommerfrukten, som det er nok av. En kan elske en hel gård bare fordi det er en gammel, fin mann eller en kjær gammel kone inne i den. Og så er det mange ting et gammelt menneske kan bedre enn de unge. Det er å b til Gud. Det kan barn og gamle. Barn kommer rett fra Ham, og de gamle skal snar dit opp. De har ofte denne ro i sinn og legeme som er nødvendig for andakt.

Gud har bruk for masser av bønner. Jorden er fylt, ja overfylt av ting, saker, vesener og personer som trenger forbønn. Og det er så mange som ikke ber. Be da du, du gamle menneske, bruk din nåldes tid til å øve deg i å tre frem for Guds trone.

Og slit så din tid i tålmodighet og tro. Gud skal nok hente deg når din tid kommer. Men foreløpig har han altså bruk for deg her. Og når du merker at nå blir det ikke kveld mer, men at det er natten som holder på å komme, så skal du sende bud etter presten, som da vil komme med sakramentet. Og når du smaker brødet og vinen etter Vårherres egen instiftelse og ordning, da vil du få din Simeonsopplevelse, og da vil du forstå at Frelseren er hos deg. Nå ser du ham endelig, og du skal prise Gud og si: Herre, nå lar du meg gamle synder fare til din fred, for mine øyne har sett din frelse.

*Kaj Munk*



# *Gjer det vesle du kan — alltid!*

**EI SOGA FRÅ LIVET.**

**Pastor Olav Skarstein i På Hjemveien.**

Presten sat på kontoret då Nils kom for å tala med han. Nils hadde mykje på hjarta. Han hadde no i mange år vanka omkring på vegane saman med andre mislukka menneske. Det hadde bore lenger og lenger nedover med han, og no kjende han seg heilt ferdig. Det var om presten kunne hjelpa han? Og presten freista tala med han. Men det vart ings løysing av vanskane. Etter ei samtale på to timar var både presten og Nils klår over at dei godt kunne skiljast, og Nils gjekk mot døra for å gå. Men så snudde han seg brått og sa: «Presten vil vel ikkje vera så snill å hjelpa meg med å verta godvener med mor mi att?» Presten stussa, og så smilte han: «Det var ein vanskeleg spørsmål, men eg skal prøve».

Nils sa farvel og gjekk. Presten kom på ei ferd han gjorde til heimen der mor til Nils budde. Det var ein vakker heim. Ei eldre, alvorlig kvinne bad han koma inn. Det viste seg å vera mor til Nils.

«Ja, det var Nils eg ville helsa deg frå», sa presten då dei hadde teki plass.

«Spar meg for å snakka om han», sa mora. «Det er mange nok som fortel meg vonde ting om han, og De burde ikkje slå lag med desse». Ho var synleg opprørd.

Presten heldt fram at han på ingen måte var komen for å tala vondt om Nils, og så fortalte han at Nils no kjende seg ulykkeleg og trenge hjelp og hjartelag.

Og det viste seg på ny at morskjærleiken aldri kan døy, og etterkvart ville ho gjerne høyra mei rom guten som ho hadde sett seg føre aldri meir å sjå for sine augo.

I fleire timar gjekk mor og leita etter guten sin i den byen der ho visste han heldt til. Endeleg møttest dei. Utan ord gjekk dei inn i eit lite kaffihus og fann seg eit einsamt bord. Det gjekk timar, men underet hende. Både mor og son kom til erkjenning av si synd.

Det var ei ny ånd i heimen då presten seinare kom på vitjing. Nils hadde fått arbeid, og kom just heim om ettermiddagen. Då stod der ei mor og venta på han. Alle ting var vortne nye, og presten tenkte:

Det er ikkje alltid Gud vil at vi skal hjelpa menneske heilt over til han med ein gong. Somme tider let han oss gjera ei førebuande gjerning som han sjølv vil fullføra på ein mektigare måte enn vi hadde tenkt og våga å vona.

Difor — gjer det vesle du kan — alltid — gjer det i Jesu namn.

---

†

## *Prost Anders Skrondal*

døde 20.12. Kona hans, Kjellaug, døde berre for eit år sidan. Begge oppnådde ein svært høg alder. Den siste tida var Skrondal orkdaling igjen, då han budde på sjukeheimen. Begge vil også bli nedsett på kyrkjegarden ved Orkdalskyrkja. Anders Skrondal var prest i Orkdal frå 1933 - 1955. Han var prost i Orkdal prosti frå 1938. Skrondal var vitskapsmann, og det han vil bli hugsa mest for er hans mange skrifter. Hovudverket var vel Orkdalsboka i 4 bind. Skrondal var innvalt medlem i fleire historiske akademi. Vi takkar, og lyser fred over minnet. Så gjengir vi ein artikkel av han i Orkdal menighetsblad nr. 2 - 52:

### *Kva skal eg gjera med Jesus, han dei kallar Messias?*

Mt. 22.

Spørsmålet er like brennaktuelt for alle tider og for alle mennesker. Når dette vesle kravlause bladet ikveld kjem med dette spørsmålet til *deg*, så skuv ikkje spørsmålet frå deg denne gongen.

Kva skal eg gjera med Jesus? Pilatus ville helst inkje ha gjort. Men ingen slepp unna. Så sporte han hopen og fekk svar frå hopen. Og hopen har alltid hatt same svaret: Bort med han! Kristen tradisjon vil veta, at Pilatus aldri meir ein sæl dag og at han enda sine dagar på same måten som Judas.

Kva skal eg gjera med Jesus? Når spørsmålet kjem til deg, så spør ikkje hopen. Spør først di eiga arme, fredlause sjel. Har ikkje di naraktige sjølvovervurdering gjort deg reint blind, ser du avgrunnen mellom ditt liv og ditt huglag og hans liv og hans huglag, som Gud sjølv einast hadde hugnad i. Steller du deg ansikt til ansikt med han som ikkje berre sa: Ver fullkomen likesom far dykkar i himmelen er fullkomen, men sjølv var fullkomen, ja han som døde for deg som var fienden hans. Då blir du «så langt tilbake». Opplever du denne avgrunnen mellom deg og han, då spør du ikkje lenger: Kva skal eg gjera med Jesus? Då blir spørsmålet: kva gjer han for meg. Og svaret på det spørsmålet finn du under korset: Han døde for deg. Du opplever di avmakt og hans allmakt, di synd og hans nåde. Då er det berre eitt å gjera for deg: i tru å ta imot han som din herre og frelsar. Det er det einaste du har å gjera, det einaste du *kan* gjera. Alt det andre har alt han gjort.

*Kva tykkjer du om Jesus Krist*
*Å syndar tak då ikkje mist*
*når du skal svaret gjeva.*

*A. Skrondal*



## Søndag er kyrkjedag!

6. januar er Heilag tre kongars dag. Det er denne dagen også som er feira som juledag i store delar av kristensamfunna. Og naturleg nok i mange lands kyrkjer, som feirar jul same tid som oss, er 6. januar likevel den store gåvedagen. Hos oss er dagen blitt misjonsdag. Mange misjonsforeiningar rundt omkring har da bøssetømming og misjonsmøte. Det er også ein rett bruk av denne dagen. Det er god grunn til å fornye feiringa av 6. jan., og da legge vekt på misjonssiktet dagen har. At julehøgtidas glede fekk vende augene våre utover til alle folkeslag. Men kvar gudsteneste skal vere ei misjonsgudsteneste.

**15.1. Vingardssøndag**
**Orkdal k.** høgmesse v. prost Rogstad.
**Orkanger k.** Gudsteneste v. kallskap. Slettahjell.

**22.1. Såmannssøndag**
**Orkanger k.** høgmesse v. prost Rogstad. Nattv.

**Moe k.** Høgmesse v. res.kap. Eidhamar.

**Gjølme bedehus,** gudst.møte v. kallskap. Slettahjell.

**29.1. Kristi forklaringssøndag.**
**Orkdal k.** høgmesse v. res.kap. Eidhamar.

**Orkanger k.** høgmesse v. kallskap. Slettahjell.

**Geitastrand k.** høgmesse v. prost Rogstad, buss frå Råbygda.

**5.2. Søndag før faste**
**Orkdal k.** høgmesse v. kallskap. Slettahjell. Nattv.

**Moe k.** høgmesse v. prost Rogstad. Nattv.

**Orkanger k.** høgmesse v. res.kap. Eidhamar.

**12.2. 1. s. i faste**
**Orkdal k.** høgmesse v. prost Rogstad.

**Orkanger k.** høgmesse v. res.kap. Eidhamar.

**Moe k.** høgmesse v. kallskap. Slettahjell.

## Kjære vener i Orkland!

Fekk slik lyst til å sende dykk ei lita julehelsing. Eg får menighetsbladet sendt hit, og det er triveleg å lesa kjende namn og sjå kva de held på med.

Det er spesielt ein ting som det ligg meg på hjarta å få dele med dykk:

*GUD VIL OSS BERRE GODT!*

Han har sann omsorg for kvar einskild av oss. Han har skapt oss og bryr seg framleis om skapningen sin. Han gjev næring og liv, og held oppe ballansen og harmonien i skaparverket. Han gler seg over at alt funksjonerer slik han har tenkt.

Du som ikkje er ein kristen og lever i samfunn med Gud, tru ikkje at han har slege handa av deg og gløymt deg. Nei, Guds hjarta slår fortare kvar gong han høyrer namnet ditt nemnt på jorda. Han har skapt deg, og han kan ikkje halde opp med å elske deg slik som du er. Gud er ein følsom Gud. Han lengtar inderleg etter samfunn med deg — som ein far lengtar etter barnet som har kome bort frå heimen. Gud lengtar etter samfunn med deg! Vi er skapte i Guds bilete, og dette at vi søkjer fellesskap med andre, er ein eigenskap som vi har felles med Gud. Vi er ikkje skapte til å leve åleine, isolert, men i eit fellesskap. Slik er det også med Gud. Han ønskjer å ha fellesskap med menneska.

Gud har omsorg for kvardagen din, arbeidet ditt, gledene og sorgene dine. Han gler seg når ting lukkast for deg og sørgjer når det går gale. Han lengtar etter å setje deg fri ifrå det som bind deg og bryt sambandet mellom deg og han.

Det er synda som set skille og skapar splid både i forholdet mellom Gud og mennesket, og oss menneske imellom. Kjærleiken er det som bind ihop og skapar samband.

Gud viste sin store kjærleik imot oss ved at han sende sonen sin og let han sone straffa for dei misgjerningane vi har gjort imot han, for at v[i] skulle bli fri frå dei banda som synda bind oss med og dei følgjene synda har for oss. Ser du ein brennande kjærleik i dette?

Alle dei som tok imot Jesus, dei gav han rett til å vera Guds barn.

Er du eit Guds barn, da høyrer du hans heilage folk til, og alle løftene som Gud har gjeve sitt folk, gjeld deg. Kjære bror og søster, vi treng ikkje frykte for nokon ting, for han som er Kongen vår, har sigra og sit alt på trona! Han åleine skal ha all lov og ære!

Eg vil ønskje dykk alle ei velsigna jul som skal vare til evig tid!

Beste helsing frå

*Jorid Opsal*

